

Synste Møre

TORS DAG 8 FEBRUAR 2018

LAUSSAL 25 KR

NR 6 ÅRGANG 49



Gangvegen blir bygt?

Samferdselsuvalet i Møre og Romsdal prøvde i går å finne plass til gang- og sykkelvegen på Tunheim trass i negativ innstilling frå administrasjonen.

Utvalet drøfta også auken i sonetak-

star på somme av ferjene i fylket, utan at det ligg føre noko endeleg om den saka.

Ingen av sakene var avslutta då vi gjekk i trykken.

SIDE 4-5

Snø, startnummer og skirenn



Det er nesten litt rørende: Fleire år etter at dei tradisjonelle Vanylvsrenna vart borte, var det igjen tevling i velpreparerte løyper på Duestøylen i Almklovdalen. Og iveren mellom dei yngste var minst like stor som vi

hugsar han frå nokre år tilbake. Her er det Elias Solheim (35) som får nokre oppmuntrande ord frå startar Johan Duestøl.

SIDE 13



Futt og fart på UKM

Litt færre deltakarar enn i fjor, men imponerende kvalitet og stor variasjon på den lokale UKM-tilskipinga i Olivinhallen. På biletet ser vi leikarringen frå FFUL i aksjon.

SIDE 10-11



Heilt på botn

Sokkelen utanfor Søre Sunnmøre er smal, men ressursrik. På Runde Miljøsentra har representantar frå fire kommunar samla seg for å førebu ein viktig Kystsoneplan.

SIDE 10-11

Vil kaste korta

Det har vore mykje fram og tilbake når det gjeld Fiskå IL sin avtale om bruk av trimrom på Omsorgssenteret. I eit lesarinnlegg i dag ber styret om at kommunen løyser dei frå avtalen.

SIDE 13

Kom og sjå vårt store utval i Alloc baderomspanel med flismønster! Fast lavpris!

FARGERIKE
Spesialforretninga i Syvde
Tlf.: 700 20 800

ALLOC

PERIODISK
KØYRETY-
KONTROLL



Autorisert verkstad Tlf 57 85 65 45

Lat oss teste
synet ditt!

Tinging av time: 70 07 70 19



OPTIKK VOLDA

Tlf. 70 07 70 19, Holmen 7, 6100 Volda